Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Fylke: Sogn og Fjordane

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Selje, Nord- og Sør-Vågsøy

Emne: Juletre og jålehalm.

Bygdelag: —

Oppskr. av: WILHELM KVALHEIM LEKTOR

Gard: —

(adresse): VOLDA

G.nr. — Br.nr. —

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Juletre har vorte vanleg i Selje prestegjeld (Selje, N. Vågsøy og Sør-Vågsøy) siste mannsalderen. Men har ingen gamal tradisjon her ut med havet, fordi det er skog som her er. Gran fanst ikkje på Nord-Vestlandet. Og furu måtte hentast inne i fjorden, fleire mil borte.

2. Juletre var nytta på skule-hausefestar i 1879, etter opptak av presten Riis. Men av brev som presten Ulrik Koren (f. 1831, d. 1911) har skrive heim til Selje ca. 1850, ser ein at det på Selje prestegard hadde juletre ca. 1840. Dette er eit einstående tilfelle i Nordfjord. Men so var mor hans prestedotter frå Ullensaker, og har nok teke skikken med seg derfrå; elles kanskje om han heimanfrå, for nett då heldt juletreet på å koma i bruk i og ikring Oslo. Endå det var mange tenarar frå bygdene i Selje prestegard, breidde ikkje skikken seg. Bøndene tok ikkje mykje etter livet på prestegarden. Og so var det langt etter måletre.

3951

Presten Emil B. Riis var pers. kap. hos sokneprest Joh. D. S. Landmark i Selje 1878–1880. Han fekk some av lærarane til å halda jóletrefestar for skulebarna, og forærte lærarane jóletre-pynt. Vatsne var også med på desse jóletrefestane frå 1879. Far min var ein av dei lærarane (på Nord-Vågsøy) som byrja då. Han fekk eit furetre frå svogeren sin i Gloppen, godt og vel mannshøgt. Eg hugsar festen 1880, då var eg 3½ år. Far rigga det opp heime jólaftan, og nytta det sidan i skulestova 2. jóledag kveld. Riis's jóletrepynt er der heime enno.

3. Det var ikkje årvisst med desse festane før ut i 1890-åra. Då heldt dei fleste lærarar jóletrefestar for skulebarna (og andre).

So vart det skipa ungdomslag o.l., og desse heldt jóletrefestar for ungdom frå slutten av 1890-åra. Og først inn i dette hundreåret kom det inn i heimane. Etter kvart vart det og granplantingar å taka av til jóletre. Men jóletre har ikkje vorte inn i alle heimane enno. Det er helst barna som styrer med dette.

4–5. Det hende nok i 1880–90 åra, at barna – som eit surrogat for skulefestane, eller ei etterlikning – pynta små einebusker, eller bått saman fleire einebusker på ein stakk, og

3

sette i ein krabb. og gjekk ekring og song. Men der ute i det berre snøå „eiskekavar", tuppte til marka vart ei' lysngtue. Noko onnar pynteting med grønt var aldri' brüka i' jula. Og dette eg no har nemnt, er berre ei' etterlikning etter jaletrefestane frå 1879 av.

Med vanne kan eg opplysa, at eg på Volda Lærarskule fekk opplyst frå ymse kantar (etter det elevane hadde spurt heime) kva tid jaletreet kom i bruk: Syvde (Sunnmøre) 1873. Då kom Hallstein Lade med skikken frå folkehøgskulen hans Chr. Bruun på Vonheim. Folk mislika det. „Eine har hugja dyrka ei' råpure", sa dei.

Jølster 1890. Davik 1875, Stadfe 1880, Borgund ved Ålesund 1880=åra, Valdres (Slidre) 1880=åra, Giske 1890, Kvernes 1895, Aukra 1895, Halsa i heimane ca. 1900.

6. Jaletreet plar vera mannshøgt i heimane, når det stå på golvet. Mindre når det stå på bord. I møtehus mykje større.

7. Pynta med blanke kuler og mangt kjøpt stas. Og kjøpte jaletreljos.

8. Pyntinga i heimane er helst barnearbeid, når barna er so store at dei greier det.

9. Sjå under 6.

10. Ender kveikjer jalaftan, og sidan fleire

3951

4

kveldar, helg var eine hos selskap.
Og so nyårskvelden – og nyårsdag.
11. Visst går eine i kring og syng.
12. Treet vert ståande ut over 13. helga.
13. Gåvene ligg under treet på jolaftan, og vert utdelt. Når treet skal takast ut, tek eine ned pyntet og gøymer det til neste jål.
14. Eine nyttar mest berre gran, før (1880-90-åra) var det furu.
15 Sjå under 4-5.
16. Juletre ute ukjent. Kirkeeins jole-band frå gammalt. Det er eine ny skikk.
17. Halm på golvet ukjent. Men hakke eine kunne eine ha i 1880-åra.
1-4. Sova i halmen ukjent. Men alle skulle ha ny halm i sengane til jol. Det var det einaste ein kalla jolehalm.

—

3951
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING